

# ÅRSMELDING 2019

ImF Sunnmøre  
med avdelingar

«PÅ VEG MOT FRAMTIDA»



# Velkommen til årsmøte!



Det har vært en tradisjon de siste årene å kunne invitere dere til det vi kaller sommertreff, som og inneholder årsmøte, med de saker det medfører.

Ikke mange uker etter at Covid-19 la store begrensinger på det meste av aktivitet i Norge, som resten av verden, ble det gjort beslutning i alle kretser knytta til ImF å utsette gjennomføring av årsmøter til etter sommeren.

Ut fra de gjeldende regler som vi har i dag finner vi det rett å begrense årsmøte til den nødvendige tidsbruk for å gjennomføre lagt til en ettermiddag/tidlig kveld på Brudsalsheimen. Møtet vil være mulig å delta på for de som er registrerte utsendinger.

Tema for årets sommertreff var bestemt å være: *"På veg mot framtida"*

Det vil vi fortsatt holde på som tema, spesielt med tanke på de måneder som ligg bak oss og også knyttet til den prosess hele indremisjonen skal gjennom etter vedtak gjort på generalforsamling 2019 frem mot 2022.

I et felles ønske for hele ImF-familien lyder det slik: *"Vi ser ei rørsle av unge og eldre som saman veks og modnast som Jesu disiplar, formar nye felleskap og forsamlings, og misjonerer i Norge ved å dele evangeliet i ord og praktisk kvardagsdiakoni. Vi ser tusenvis av familiær som frimodig deler trua på heimebane og når ut til barn og unge i sitt nærmiljø"* Dette er og vår visjon i ImF Sunnmøre i den del av landet vi har fått vårt kall til å tjene.

*Velkommen til å være med inn i fremtiden gjennom de valg vi skal gjennomføre og i samtale om vårt arbeid!*

Johan Halsne  
Krinsleiar

## SAKLISTE

### 1.Konstituering:

- Val av møteleiar
- Val av to personar til å føre møtebok
- Val av to personar til å skrive under møtebok
- Val av referantar
- Tale- og stemmerett

### 2.Årsmelding for 2019

### 3.Rekneskapen for 2019

### 4.Val av

- A. 3 styremedlemmar
- B. 4 varamedlemmar
- C. Valnemnd for neste år

### 5.Revisor for krins og avdelingar

### 6.Årsmøtegåva

### 7. Val av personar til arbeidsgruppe som skal jobbe med struktur fram mot GF 2022.

Forslag til vedtak blir lagt fram på årsmøte.

### 8.Stad for årsmøtet 2021

## Til sak 4A, val av 3 styremedlemmar

### Fylgjande går ut av styret:

Oddbjørn Brunstad (Syllkylven) kan ikkje attveljast  
Daniel Haugland (Ålesund) kan attveljast – tek ikkje attval  
Jan Ivar Stokset (Valderøya) kan attveljast - tek ikkje attval

### Frå før sit desse i styret:

Leif Steinars Alnes (Godøya)  
Solfrid Ulstein Riise (Ulsteinvik)  
Linda Austnes (Godøya)  
Ståle Tønnesen (Ulsteinvik)

### Forslag frå valnemnda på nye styremedlemmar:

Helge Dimmen, Giske  
Jan Løkkeborg, Emblem  
Ole Per Storhaug, Stette

## Til sak 4B, val av 4 varamedlemmar til styret

### Forslag frå valnemnda:

Knut Aarsund (Brattvåg)  
Janita Brandal (Langevåg)  
Reidar Halvard Muren (Gjerdsøika)  
Kåre Magne Remmen (Godøy)

## STYREKANDIDATAR



### Dimmen, Helge (Giske)

71 år, gift. Pensjonist og fritidsforkynnare. Aktiv i indremisjonsarbeidet på Giske. Har tidlegare vore leiar i krinsstyret.



### Løkkeborg, Jan (Emblem)

53 år, gift. Sokneprest i Skodje og sjelesørgjar i Fermate Sunnmøre. Har vore tilsett i Sunnmøre Indremisjon som ungdomssekreter, forsamlingsleiar i Blindheim og Hatlehol indremisjon og fritidsforkynnare. 2.vara til krinsstyret siste år.



### Storhaug, Ole Per (Stette)

61 år, gift. Arbeider på Tine Ålesund. Har vore med i søndagsskulen både lokalt, på kretsplan og vara i landsstyret. Er med i styret for ImF Skodje, også med i arbeidet for bedehusforsamlinga. Frivillig klokkar i Skodje kyrkje.

## VARAMEDLEMMAR



### Aarsund, Knut (Brattvåg)

71 år, gift. Pensjonist. Hobbypianist og tidlegare korsongar. Tidlegare styreleiar i Brudsalsheimen, mangeårig styreverksemd og aktiv i Brattvåg indremisjon. Har vore 1.vara i krinsstyret siste år.



### Brandal, Janita (Langevåg)

60 år, gift. Arbeider i barnehage. Aktiv i Langevåg indremisjon.



### Muren, Reidar Halvard (Gjerdsøika)

36 år. Sjømann. Bor i Gjerdsøika. Har tidlegare vore ei periode i styret for Møre barne- og ungdomsskule Herøy. Har vore 4.vara i krinsstyret siste år.



### Remmen, Kåre Magne (Godøy)

51 år. Jobbar som matros. Tidlegare leiar for Godøy indremisjon. Har vore 3.vara i krinsstyret siste år.

*ImF Sunnmøre er ein fri lekmannsorganisasjon tilslutta Indremisjonsforbundet, og vårt motto er:  
«Med Guds Ord til folket».*

Sunnmøre Indremisjon vart stifta i 1882, og dette er såleis den 138. årsmeldinga for krinsen. Styret vil med dette legge fram eit samandrag for verksemda i 2019.

Årsmøtet i juni 2018 vedtok samråystes at krinsen frå 1. januar 2019 skulle endre namn frå Sunnmøre Indremisjon til ImF Sunnmøre.

## HEIMLOV

Vi vil starte med å minnast dei misjonsvenene som gjekk heim til Herren i året som ligg bak. Sjølv om vi ikkje finn det rett å ta fram einskildpersonar, vil vi likevel streke under at vi er takksame for den truskap og støtte desse har synt i misjonsarbeidet. Den kristne vona gir håp i møte med døden. Apostelen Peter seier det slik i 1. Pet.1,3: «*Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, som etter si store miskunn har etterfødt oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde.*»

Vi lyser fred over den einskilde sitt minne.

## ÅNDSSITUASJONEN OG VÅRT EIGE ARBEID

Det er vanskeleg med få ord å sette ord på den åndelege situasjonen i landet vårt. Vi merkar at det som ofte vert kalla sekulær intoleranse får stadig større makt i samfunnet vårt. Forståing og respekt for tradisjoelle kristne verdiar er på kraftig tilbakegang i landet vårt. Særleg på dei ulike områda som gjeld familien, heimen og samlivet mellom mann og kvinne er tidsånda sterkt, og både media og mange av våre politikarar går aktivt og bevist inn for å bryte ned dei verdiane Bibelen løfter fram, og som landet vårt har vore bygd på i nærarer tusen år.

Gjennom heile kyrkja si historie har det vore slik at der kristne møter mest motstand og forfølgjing har evangeliet gått mest fram. Også i dag er det land som Nord-Korea, Iran, Kina med fleire som opplever at flest menneske kjem til tru, sjølv om dei vert utsette for omfattande forfølgjing som kristne. Vitnemålet frå våre forfølgde kristne søsken rundt om i verda bør vere både ei oppmuntring og eit tankekors for oss i Noreg. Vi må ikkje betale så stor ein pris for å bekjenne trua på Jesus, og vi kan samlast fritt til våre møte og gudsteneste. Samstundes merkar vi at motstanden aukar. Då må vi løfte augo våre og sjå utover våre eigne landegrense. Guds rike går fram, evangeliet går sin seiersgong som aldri før i verda si historie. Vi er på vinnarlaget, Kristus er seierherren og vi får vere med i hans store sak. Det er til glede, oppmuntring og inspirasjon også for oss som har eit særleg kall til å drive indremisjon mellom vårt eige folk.

Samfunnet vårt vert meir og meir prega av krav om å vere vellukka, sjå godt ut, ha god økonomi og lukkast på flest mogleg område i livet. Særleg dagens ungdomsgenerasjon opplever dette som eit enormt press. Som Guds sendebod har vi her både ei stor og viktig oppgåve, men også ei unik mogelegheit. Vi skal få lov til å formidle den kristne bodskapen om at menneska er Guds mest verdifulle skapning. Vi er ikkje perfekte, av den grunn at vi ber med oss menneskeslekta si synd og skuld. Det var derfor Jesus kom, og i trua på han skal eit menneske sleppe å vere perfekt eller prestere på eiga hand. Ved trua på Jesus vert eit menneske eit barn av den levande Gud, verdifull og høgt elskar. Dette er bodskapen som kan gje eit menneske eit rom der ein kjenner på kvilemodus.

Fokus på miljø og natur er noko som opptek mange. Som kristne har vi ei forplikting til å forvalte skaparverket i tråd med det oppdrag Gud gjev menneska allereie ved skapinga. Det er ikkje ein god kristen dyd å ikkje bry seg om miljøet og dei konsekvensane menneskeleg grådigheit og overforbruk kan påføre skaparverket. Samstundes som vi har eit aktivt forhold til desse viktige spørsmåla skal vi også som kristne få kvile i at Gud framleis har om- sorg og kontroll over skaparverket sitt og han vil ein dag skape ein ny himmel og ei ny jord.

## **UNDERAVDELINGANE VÅRE**

ImF Sunnmøre får lov å stå i eit rikt og samansett arbeid der vi når menneske i alle aldrar og livssituasjonar. Vi er djupt takksame for dei mange underavdelingane våre og dei mange som tener Herren Jesus gjennom desse. Alle har levert eiga årsmelding som ligg vedlagt, men vi vil i takksemrd nemne kvar einskild her:

### **Orreneset Misjonssenter og Brusdalsheimen**

Dei to leirstadane våre er gode arbeidsreiskap for å nå menneske med evangeliet. Både på Brusdalsheimen og Orreneset er det stor aktivitet og mange menneske er innom. Krinsen har arrangert både leirar og stemner på begge stadane i løpet av året. Mange gjer også ein stor innsats som frivillige hjelparar. På Orreneset er Annbjørg og Sondre Bårnes (mor og son) no tilsette medan Hilde og Arvid Lukkedal er tilsett på Brusdalsheimen. På begge stadane er det mange trufaste frivillige som stiller opp på dugnad. Vi takkar kvar einskild for truskap i tenesta.

### **Radio Sunnmøre**

Radio Sunnmøre er nok den største talarstolen vi har i arbeidet vårt i ImF Sunnmøre. Gjennom sendingane sine når radioen ut til svært mange menneske, både på Sunnmøre og elles utover landet. Ja vi har også lyttarar som hører på via internett over heile verda. Mange gjev uttrykk for stor takksemrd for radiosendingane våre. Det har også vore gjort eit stort arbeid med å byggje ut sendenett for DAB. Dagleg leiar Ragnhild Kristine Vartdal Espelund er tilsett i 100 % stilling og fra sommaren vart Arild Ove Halås tilsett i ei 20 % stilling etter at Victor Haram sluttar. Han hadde då vore tilsett i Radio Sunnmøre i meir enn 20 år. Oddveig Molnes jobbar dugnad for radioen kvar tysdag og lagar mange fine program. Ein stor takk til både tilsette og frivillige medarbeidarar i Radio Sunnmøre.

### **Fermate Sunnmøre**

Iris Vartdal Clausen har 40 % stilling som dagleg leiar, sjelesørgjar og kurshaldar. Jan Løkkeborg er tilsett i 20 % stilling som sjelesørgjar, frå 01.08.2019-01.08.2020 har Jan Løkkeborg 10 % stilling. I 2019 hadde Fermate Sunnmøre 243 samtalar. Fermate er eit samarbeidsprosjekt med Normisjon.

### **Daggry barnehage, Valderøya**

Daggry Barnehage har 73 barn fordelt på 4 avdelingar. Dei nye lokalene som sto ferdig i 2017 har gjeve barnehagen vår eit skikkeleg løft. Ein stor takk til styrar Kari-Lise Nordstrand og staben hennar.

### **Brukt og Nyttig**

Ein stor og trufast stab av frivillige medarbeidarar driv bruktbutikken vår på Valderøya. Vi vil seie kvar einskild ein stor takk og ikkje minst Kjell Furnes gjer ein stor innsats. I 2019 blei det overført kr. 180 000 til drifta av ImF Sunnmøre frå Brukt og Nyttig, noko som er av svært stor verdi for både drift og økonomi i krinsen.

### **Begravelsesbyrået Sunnmøre AS**

Mange menneske som opplever livets tyngste tak i møte med døden, får både praktisk og god hjelp frå våre tilsette i Begravelsesbyrået Sunnmøre. Antall oppdrag hadde ei god auke i 2019. Takk til dagleg leiar Marit Vingen og staben hennar for stor innsats også dette året.

### **Møre Ungdomsskule**

110 elevar frå 8.-10. klasse går på Møre Ungdomsskule i Hatleholen. Skulen er no godkjent også som barneskule, og planleggjar oppstart av barnetrinn frå hausten 2020. Takk til rektor Signe Reidun Urtegård og staben hennar.

### **Møre barne- og ungdomsskule Herøy**

Skulen vår i Herøy har rundt 150 elevar frå 1.-10. trinn. Knut Einar Tokheim er rektor. Ein stor takk til han og staben hans på skulen i Herøy.

### **Møre barne- og ungdomsskule Skodje**

Ved skulen i Brusdalen er det rundt 80 elevar frå 1.-10. trinn. Ingrid Kvam Steinshamn er rektor ved skulen og har vore det sidan starten. Takk til henne og staben ved skulen vår i Skodje.

### **Ålesund Folkehøgskole**

Ved skulestart hausten 2019 vart det teke inn eit rekordstort elevkull på 125 elevar. Vi ser at namnet «Ålesund Folkehøgskole» er eit godt namn på skulen vår. Skulen profilerer seg elles som «reiseskulen». Takk til rektor Sven Wågen Sæter og personalet ved skulen for truskap i tenesta.

## **ImF UNG Sunnmøre**

Randi Fagerhol Lauvås (leiar) er saman med Mathias Lindgren Mulelid (100 %) og Hilde Sofie Blindheim Østrem (50 %) dei tilsette i ImF UNG Sunnmøre. Eit stort og viktig arbeid vert gjort her mellom borna og dei unge. Barnekorfestival, 11 leirarar, 1. mai arrangement, Pit Stop m.m. har vore gjennomført i 2019, i tillegg til mange lagsbesøk rundt om i krinsen. Vi vil seie takk til Randi, Mathias og Hilde Sofie for truskap i tenesta for Jesus.

## **Plussreiser AS**

«Meir enn ferie» er mottoet for reiseselskapet vårt. Etter fusjonen med Sabra Fokus Reiser og Ravinala er Plussreiser no det største kristne reiseselskapet i Norge. Plussreiser tilbyr mange og allsidige reiser over heile verda. Hovudkontoret er i Spjelkavik og det er avdelingskontor i Stavanger og Kristiansand. Ein stor takk til dagleg leiar Aud Kindervåg Halsne og hennar dyktige stab.

## **Johan R. Sunde AS**

Den 4.januar 2019 tok ImF Sunnmøre formelt over butikken til Johan og Linbjørg Sunde. Krinsen har oppretta eit holdingselskap: ImF Sunnmøre Holding AS. Det er dette aksjeselskapet som skal eige og drive butikken. Takk til dagleg leiar Even Dybvik og staben hans som gjer ein flott innsats i butikken.

## **VERKSEMDA I KRINSEN**

### **Leiarkonferansen i ImF**

I november 2019 blei det for tredje gong halde leiarkonferanse i ImF sin regi med meir enn 500 deltagarar. Det var svært gledeleg at så mange frå Indremisjonsfamilien melde seg på. Her var mange spennande og tidsaktuelle tema og seminar ein kunne fylgje. Der var også ei fin gruppe frå Sunnmøre som hadde funne vegen til konferansen, men der hadde vore plass til fleire! Dette året var også Indremisjonsforbundet si Generalforsamling lagt inn som ein del av Leiarkonferansen.

### **Forsamlingsbygging**

Dette er eit tema som blir meir og meir aktuelt for bedehusa på Sunnmøre og vi vil så sterkt vi kan oppmøde om å gå for «forsamlingsmodellen» der det ligg til rette for det. Der eit bedehus er for lite til å starte slikt arbeid åleine, oppmuntrar vi til samarbeid mellom bedehus og andre organisasjoner. ImF Sunnmøre støttar dette arbeidet, og vil hjelpe til med kompetanse i planlegging og startfase så lang som mogleg.

### **Møteverksemd og forkynnarteneste:**

Igjen vil vi få uttrykke ei stor og varm takk til alle som tek ut i forkynnar-oppdrag på fritida si. Det er ein stor rikdom. Vi vil be kristne brør og søstre om å vere frimodige i å dele vitnemålet i forsamlinga. Vi ber om å få åndeleg syn til å sjå dei som har nådegåve til å forkynne, og oppmuntre dei. Lat forkynnarane få blomstre! Sjølv om dei fleste spørsmål om forkynnarhjelp kjem via krinskontoret, er det framleis slik at ein del foreiningar tek direkte kontakt med forkynnarane, og det avlastar administrasjonen ein del. Samstundes gjer dette at vi ikkje har full oversikt over all verksemd som er på dei lokale bedehusa. Med etterhald legg vi fram denne oversikta:

### **Fylgjande forkynnar har vore i verksemd i 2019 i regi av ImF Sunnmøre:**

Karl Arne Austnes, Linda Austnes, Are Bakke, Jarle Berland, Kai Even Bjørdal, Oddrun Bjørdal, Oddbjørn Brunstad, Helge Dimmen, Reidar Fiske, Kjell Furnes, Hilde Gjengedal, Maria Gundersen Zahl, Johan Halsne, Arild Ove Halås, Victor Haram, Randi Fagerhol Lauvås, Inger og Per Arne Lillebø, Gudrun Longva, Oddveig Molnes, Jostein Mulelid, Mathias Lindgren Mulelid, Ruben Lie Monsen, Lars Erik Nesseth, Odd Asbjørn Nybø, Kåre Magne Remmen, Solfrid Ulstein Riise, Nikolai Sundklakk, Per Sævik, Ståle Tønnesen, Robert Uggedal, Anbjørn Walderhaug, Arvid Ødegård, Hilde Sofie Blindheim Østrem.

### **Frå Indremisjonsforbundet:**

Irene Krokeide Alnes, Anbjørn Barane, Marit Stokken Berland, Roald Evensen, Gunnar Ferstad, Erik Furnes, Runar Landro, Tor Ingvald Lauvrak, Sverre Dag Ljønes, Randi Ljønes, Gunnstein Nes, Trond Pundsnes, Aud Karin Kjølvik Ringvoll, Ragnar Ringvoll, Ingbjørn Vingen.

### **Andre som har vore med på møte:**

Harry Andersen, Sveinung Andersen, Arvid Brandal, Familien Brautaset, Rolf Eglandsdal, Familien Knotten, Arild Berstad m/team, Maria G. Bergstrøm, Anna Regine Vada Blom, Brattvågtrioen, Elkana, Johannes Finset, Vidar Godø, Johnn R. Hardan, Bjørn Jacobsen, Eyunn Jakobsen, Maria Engås Halsne, Kerysso, Kvits Sektor, Rolf Kjøde, Aslaug Klungland, Johanne Leinebø, Maisa Lillebø, Emilia Lindberg, Berit Nesseth Otterlei, Svein i Prestigardi, Arne Parelli, Tor Rødseth m/band, Sulagutane, Valderøykvartetten, Vitin, Synnøve Aanensen, Credo Brass og Jorunn Rausand.

### **Tilsette i administrasjonen i ImF Sunnmøre:**

I administrasjonen er no tre tilsette. Johan Halsne har 100 % stilling som krinsleiar. Janne Støbakk har 80 % stilling som administrasjonsleiar og Arild Ove Halås er tilsett som forkynnar og administrasjonsmedarbeidar. Halås hadde ei 40 % stilling fram til sommaren og gjekk så opp i 80 % frå hausten av. Frå nyttår 2020 har Halås 50 % stilling i krinsen (fordelt på administrasjon og forkynning) og 50 % stilling i Radio Sunnmøre.

## **Mannshelg på Brusdalsheimen**

Andre helga i januar vart det arrangert «Mannshelg» på Brusdalsheimen. Dette var mannshelg nr. 48 i rekka. Alf Halvorsen frå Lyngdal bedehusforsamling var talar og det var song av Valderøy-kvartetten og Tor Rødset m/band. Helga er eit samarbeid med Normisjonen.

## **Inspirasjonsdagar for kvinner på Brusdalsheimen**

I oktober vart det arrangert inspirasjonsdager for kvinner på Brusdalsheimen. Tema for dagane var: «Ta vare på hjartet» Talar var Maria Gundersen Zahl. Song av Godøydamer, Hilde Gjengedal og Gudrun Longva.

## **Forsamlingskonferanse**

Laurdag 16.februar vart det arrangert forsamlingskonferanse på Emblem bedehus i samarbeid med Emblem bedehus-forsamling. Desse underviste: Runar Landro, Trond Pundsnes og Rolf Egelandsdal.

## **Konsert**

13.mars vart det arrangert konsert med Solveig Leithaug på Blindheim bedehus.

## **Seminar**

1. mai vart det arrangert seminar med Kjell J. Tveter med temaet «Overveldende liv – dette skulle Darwin ha sett..» Dette arrangementet hadde vi i samarbeid med Misjonssalen i Myrabakken.

## **Stemne på Brusdalsheimen**

Kristi Himmelfartsdag arrangerte vi stemnedag på Brusdalsheimen. Hilde Gjengedal og Gudrun Longva deltok med song. Talarar var Arild Ove Halås og Kai Even Bjørdal.

## **Sommartreff/årsmøte**

Helga 08.-10. juni arrangerte vi sommartreff/årsmøtehelg på Thon Hotell Fosnavåg. Rolf Kjøde var hovudtalar og Maria Gustin Bergstøm sto for songen og musikken saman med Arild Berstad med team. Tema for helga: VÅG!

## **Krinsstyret**

Endring i styresamansetjinga:

På årsmøtet i 2019 stod desse på val:

Leif Steinar Alnes, Kolbjørn Gjære, Solfrid Ulstein Riise, Ole Bjørn Vik

Jan Ivar Stokset (Valderøya), Daniel Haugland (Spjelkavik) og Oddbjørn Brunstad (Sykkylven) sto ikkje på val.

## **Nye styremedlemmar vart:**

Leif Steinar Alnes (Godøy – attval), Solfrid Ulstein Riise (Ulsteinvik – attval), Ståle Tønnessen (Ulsteinvik – ny) og Linda Austnes (Godøy – ny).

Desse gjekk ut av styret: Kolbjørn Gjære og Ole Bjørn Vik sa frå seg attval.

## **Vara:**

1.vara: Knut Aarsund (Brattvåg), 2.vara: Jan Løkkeborg (Emblem), 3.vara: Kåre Magne Remmen (Godøya) og 4.vara: Reidar Halvard Muren (Gjersvika) vart valde som vararepresentantar for 1 år.

Styret har i 2019 vore samla 7 gongar og handsama 67 saker. I tillegg har krinsstyret som generalforsamling for Plussreiser AS, Begravelsesbyrået Sunnmøre AS og Møre barne- og ungdomsskule Skodje AS halde desse samlingane.

Krinsleiar, administrasjonsleiar og leiar for ImF-Ung Sunnmøre er med på styremøta frå administrasjonen. Det er godt samarbeid og åndeleg samhald i krinsstyret. Å sitje i krinsstyret er både gjevande og eit stort ansvar. Vi takkar enno ein gong misjonsfolket for tillit, og ber framleis om forbøn for tenesta vår.

Oddbjørn Brunstad, Jan Ivar Stokseth og krinsleiar Johan Halsne utgjer krinsen sitt «Hyrde og læreråd».

## **60+ på Brusdalsheimen**

I august var det som vanleg leir for 60 pluss. Talar var Anbjørg Barane. Takk til komitéen med Jostein Mulelid i spissen som står for desse samlingane!

## **Orrenes-stemne**

Siste søndagen i august hadde vi stemne på Orreneset. Mathias Lindgren Mulelid og Nikolai Sundklakk var talarar og Credo Brass og Jorunn Rausand stod for songen og musikken.

## **Song- og musikkhelg i Herøy**

For andre gongen arrangerte vi Song- og musikkhelg på Thon Hotell Fosnavåg saman med Kristen Riksradio P7. Mange gode songarar frå både Norge, Færøyene og Sverige var henta inn til denne helga og oppslutninga var overveldande. Den store konsertsalen var fylt på alle samlingar, og alle rom på hotellet var i bruk. I tillegg til dei mange songarane var radiopastor Johnn R. Hardang med som talar.

## **Seminar**

Fredag 6. september vart det arrangert seminar med Bjørn Are Davidsen med tema: «Er kristen tro destruktiv for samfunnet?» og «Gud og Vitenskap». Dette seminaret hadde vi i samarbeid med Ålesund Folkehøgskole og Misjonssalen.

## **Temahelg**

Helga 27.-29. september vart det arrangert temahelg med Øivind Benestad frå Stiftelsen MorFarBarn på Spjelkavik og Blindheim bedehus. Dette arrangementet hadde vi i samarbeid med Blindheim og Hatlehol indremisjon, Spjelkavik indremisjon og Ungdom i Oppdrag.

## **Stjernedryss i Advent**

Også dette året blei det i desember arrangert «Stjernedryss i Advent». 9 bedehus og Orreneset Misjonssenter fekk besøk av ulike songarar og gjestar i ei travel førjulstid. Dette er samlingar som gjer at vi når folk som elles ikkje deltek på samlingane våre.

## **Storsamlingar**

Vi hadde i 2019 storsamling på Ålesund Folkehøgskole 2. påskedag og 2. søndag i advent. Generalsekretær i ImF Erik Furnes tala andre påskedag og Randi Fagerhol Lauvås var talar på adventsamlinga. Gode songkrefter deltok på begge samlingane.

## **Fakkeltog for dei forfølgde kristne**

Siste måndagen i oktober arrangerte Åpne Dører fakkeltog i Ålesund sentrum til støtte for forfølgde kristne. ImF Sunnmøre er glade for å få vere med å arrangere denne viktige markeringa av dei forfølgde kristne sin situasjon. Vi avslutta med ei fin samling i Ålesund kyrkje.

## **Arbeidarfesten / Medarbeidarkonsert**

Den tradisjonelle arbeidarfesten i januar vart arrangert for kanskje siste gong og var lagt til Orreneset Misjonssenter. Arne Nordbø sto for underhaldninga og det vart servert god mat. Samstundes har vi dette året prøvd noko nytt. I desember vart det arrangert ein medarbeidar-konsert med Synnøve Aanensen på Ålesund Folkehøgskule. Dette erstatta den tradisjonelle festen i januar 2020. Selskapa våre Begravelsesbyrået Sunnmøre AS, Plussreiser AS og ImF Sunnmøre deler på å dekkje kostnadane til festen.

## **ØKONOMIEN**

Årsrekneskapen for ImF Sunnmøre syner eit overskot på kr. 2 050 744,-. Testamentariske gåver utgjer mykje av inntektene. Den jamne misjonsdrifta gjekk med omtrent 500 000,- i underskot.

Takk til alle våre trufaste gjevarar som er med å halde misjonsarbeidet oppe gjennom sine gåver.

## **TAKK**

Styret vil takke alle som på ulikt vis står med oss i arbeidet i ImF Sunnmøre for at Guds rike skal ha framgang. Herren har utrusta og kalla deg, og vil løne deg rikt for din truskap i kallet.

Takk til alle medarbeidarane som har vore ute med Ordet gjennom vitnemål og song. Takk til medarbeidarane i alle underavdelingane våre.

Takk til Indremisjonsforbundet, Bibelskulen på Bildøy og andre krinsar for godt samarbeid i året som gjekk.

Arbeidet vårt må vere prega av at vi har fått kall og anledning til å forkynne den gode bodskapen. Vi må be om å få eige ein erobringstrong til å vinne nye for himmelen.

«*Vi vil framleis vinne, utruste og sende menneske med evangeliet!*»

***Så er vi no sendebod for Kristus, og det er Gud sjølv som formunar gjennom oss: Vi bed på Kristi vegner, lat dykk forsona med Gud! Han som ikkje visste av synd, har han gjort til synd for oss, så vi skal bli rettferdige for Gud i han. 2. Kor 5, 20-21***

## **Styret i ImF Sunnmøre**

Oddbjørn Brunstad (leiar)

Jan Ivar Stokset (nestleiar)

Solfrid Ulstein Riise

Leif Steinar Alnes

Daniel Haugland

Linda Austnes

Ståle Tønnesen

Knut Aarsund (1.vara)

# Årsmelding ImF-UNG Sunnmøre 2019

## ARBEIDSSTABEN

Fylgjande personar har hatt arbeid i ImF-UNG Sunnmøre i 2019:

Randi Fagerhol Lauvås: 80 % stilling som leiar

Mathias Lindgren Mulelid: 100 % stilling som barne- og ungdomsarbeidar

Hilde-Sofie Blindheim Østrem: 50 % stilling som barne- og familiearbeidar

## LEIRARBEIDET

I 2019 hadde vi planlagt 12 leirar, like mange leirar som året før.

Leirane vi måtte avlyse er alle på grunn av for få deltagarar. Vi gjorde ei endring i alder på vinterleirane på Orreneset som førte til langt fleire deltagarar på dei to leirane enn året før. Det har lukkast oss å få nok leiarar til alle leirane som har hatt mange nok deltagarar.

Leirarbeidet er fortsatt eit viktig arbeid for å nå barna og dei unge med evangeliet. Vi får mange gode tilbakemeldingar frå foreldre, born og leiarar som opplever fine dagar og fint fellesskap på leir. Sjølv om vi skjeldan veit korleis den enkelte deltagaren responderer på det som vert forkyst så veit vi at Guds ord blir sådd, og det i ei tid der mange ikkje får høyre om Jesus utanom når dei er på leir. Vi opplever at det er endå viktigare enn før å vere tydlege og frimodige i å forkynne sanninga om menneske og Gud, for mange som kjem på leir veit svært lite om innhaldet i Bibelen frå før.

I 2018 arrangerte vi **FAMILIELEIR** på **Orreneset** etter nokre år utan denne leiren. Vi satsa på nytt i 2019, med tidleg og god informasjon. Med det lukkast dessverre ikkje å få deltagarar nok til å arrangere leiren. Vi trur nok litt av grunnen til at dette tilbodet ikkje slår an, er at mange forsamlingar og foreiningar har eigne weekendar for heile familien.

### Deltakarar og leiarar på leir 2018

	Leirar	Aldersgruppe	Antal barn	Antal leiarar
Orreneset	1	4.-7.klasse	57	11
Orreneset	1	6.-9.klasse	49	8
Orreneset	1	5.-7.klasse	21	6
Orreneset	1 avlyst	8.-10.klasse	-	-
Orreneset	1 avlyst	Familieleir	-	-
Brusdalsheimen	4	2.-4.klasse	132 (5 på venteliste)	29 + 7 hjelpeleiarar
Brusdalsheimen	1	4.-7.klasse	24	5
Brusdalsheimen	1	5.-8.klasse	39	8
Brusdalsheimen	1 avlyst	5.-7.klasse	-	-
Brusdalsheimen	BGF	Frå 2.klasse	51	3 + 2 hjelpeleiarar + 14 korleiarar/ foreldre
			<b>373</b> (360 i 2018))	<b>93</b> ( 92 i 2018)

## BARNEGOSPELFESTIVALEN

Helga 19.-20.januar var 51 born og 19 leiarar samla på Brusdalsheimen til Barnegospelfestival. Born og leiarar som deltok var frå desse kora: Tusenfryd frå Emblem, Vigra YA-kor, Spiren frå Blindheim, Singlt frå Ellingsøya og Giske barnekor. Årets instruktørar var Bjarte Leithaug, kjent både som forfattar og komponist. Han har også tidlegare vore instruktør på Barnegospelfestivalen, og var eit kjært gjensyn.

Det vart mange timer med øving, mange songar skulle sitte godt til søndagens familiekonsert. Men det var også gode pausar med tid til å vere saman og bli kjent med nye. Laurdag kveld hadde leiarane eiga samling, medan barna kosa seg på leirfest.

## LAGSARBEIDET

I 2019 har vi registrert 10 barnelag, 13 lag for tweens, 12 ungdomslag (nokre litt lenger ned i alder), 9 barnekor og 1 ungdomskor som var innmeldt i ImF-UNG Sunnmøre. ImF-UNG har eit mål om at det skal bli starta fleire lag, så dersom du veit om nokon som tenkjer å starte opp eit nytt lag så ønskjer vi i ImF Ung Sunnmøre å hjelpe til så godt vi kan med det. Der er økonomisk støtte til oppstart, og ein kan kvart år søke om frifondmidlar.

Lagsarbeidet er eit svært viktig arbeid der ein har moglegheit til å bli godt kjend med borna og ungdomane og ein kan komma tettare innpå enn ein gjer på leir. Ein får ein nærmere relasjon til dei i laget, og får ofte følgje barna over tid. Vi har endra på inndelinga i tabellen, difor er det ikkje så lett å samanlikne med åra før, men summen av lag har halde seg om lag på same nivå dei siste åra.

LAG	2014	2015	2016	2017	2018	2019
<u>Barnekor</u>	<b>8</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	<b>9</b>	<b>9</b>	<b>9</b>
Barnelag: Juniorving, Yngstes, Awana Cubbies og Sparks	<b>22</b>	<b>20</b>	<b>18</b>	<b>20</b>	<b>20</b>	<b>10</b>
Tweensarbeid: Ving, Yngres, Awana T&T Y-ungdom						<b>13</b>
IUF, ungdomsgrupper Y-ungdom, Awana Journey	<b>20</b>	<b>18</b>	<b>17</b>	<b>16</b>	<b>16</b>	<b>12</b>
Ungdomskor					<b>1</b>	<b>1</b>
<b>SUM</b>	<b>54</b>	<b>50</b>	<b>46</b>	<b>46</b>	<b>46</b>	<b>45</b>

## AWANA

Awana er eit verktøy for opplæring og disippelgjering av barn og unge som Indremisjonsforbundet lanserte i Norge i 2017. Awana er utvikla i USA, og blir brukt i over 120 land verda over i ulike kirkessamfunn og forsamlings. Etter å ha vore i bruk i Fredheim Arena i Sandnes eit år, har alt materiell som har blitt oversett til norsk blitt tilgjengeleg for dei som ønskjer å starte opp Awana-lag.

Bibelundervisning – leik – smågrupper, alt dette er like viktig på ei Awana-samling. Barna skal ha det kjekt i lag, få le og leike seg. Grundig og systematisk bibelundervisning er den andre viktige biten, og som den tredje bolken har dei smågrupper. Her øver dei mellom anna på å lære bibelvers utenat, og så får dei arbeide i dei flotte bøkene som kvar enkelt deltarar får. Desse bøkene skal dei ha med og arbeide i heime, og på den måten blir dette ei hjelpe til å snakke om trua også i heimen. I smågruppene skal barna bli sett, dei kan dele liv og be saman.

Vi i ImF-UNG Sunnmøre var i 2019 på eit informasjonsmøte på eit bedehus, der vi presenterte opplegget både teoretisk og praktisk. Vi har eit ståande tilbod om liknande møter for alle i vårt område som vil vite meir om Awana.

Det er mange levande lag, klubbar og søndagsskular rundt om på bedehusa på Sunnmøre. Desse skal vi vere takknemlege for og heie fram. Både for desse eksisterande laga og for eventuelt nye lag kan undervisningsopplegget Awana vere eit tenleg reiskap. Det kan tilpassast både store forsamlings og små lag i bygder med få kristne og lite arbeid. Det som er nødvendig, er nokre vaksne som brenn for å gi barna det beste. Så tilbyr Awana Norge kurs som utrustar leiarane og materiell som kan hjelpe dei og det enkelte laget til å nå barna med evangeliet. Og målet er at barna skal bli trygge og grunnfeste i trua på Jesus slik at dei vil bli hos han livet ut.

Ved utgangen av 2019 er det starta Awana-lag på Blindheim, Emblem, Vigra og Ulsteinvik.

## KonFu

KonFu er vårt konfirmantarbeid som vi har saman med NLM region Nordvest, Misionssalen Ålesund og Emblem Bedehusforsamling. Dette er eit tilbod for dei som ønskjer å konfirmere seg i ImF eller NLM sin regi, eller for dei som ønskjer seg eit supplement til den undervisninga dei elles får i andre samanhengar.

Våren 2019 avslutta vi eit konfirmantår med 18 konfirmantar, ein veldig flott gjeng. Av desse var det fem som konfirmerte seg på Emblem bedehus og ein på Blindheim bedehus. På Blindheim bedehus var det ImF-UNG Sunnmøre som stod for konfirmasjonen i samarbeid med den lokale forsamlinga. Hausten 2019 starta vi med eit nytt kull på 45 konfirmantar, som var ny rekord for antal konfirmantar på KonFu. Vi er både stolte og veldig takknemlege for KonFu og den moglegheita det gir oss til å forme konfirmantane i ei veldig viktig tid i livet der ein tar mange val. I tillegg får vi bli kjent med konfirmantane og bygge relasjonar med dei, noko som er svært viktig og verdifullt! KonFu er eit flott arbeid og eit flott tilbod som vi er stolte av å kunne tilby.

## NATT TIL 1. MAI GOSPEL

Også i 2019 var vi med på å arrangere «Natt til første mai gospel», som er på Blindheim bedehus kvelden den 30. april og varer ut i natta den 1. mai. Det var ei fin samling med eit bedehus fullt av ungdommar. Talaren denne gangen var Bjørn Inge Furnes Aurdal som også var med i bøn og utsending av Krussen. Respons, Blessing, Olianna Johansson, Mathilde og Elida bidrog alle med song- og musikkinnslag denne kvelden. Lovsangsteamet var ein del av gjengen frå Respons. Dette arrangementet er i samarbeid med Blindheim bedehus og Blindheim Y.

## PIT-STOP

18.-20. oktober arrangerte vi Pit-Stop, denne gangen var det på Blindheim bedehus. Temaet for helga var «Bønn» og talarane var Andreas Furnes og Sunniva Fuglestveit. Dei hadde to andakter kvar fordelt på kveldsmøter fredag og laurdag, Lovsangskvelden og formiddagsmøtet på søndagen. Vi hadde også besøk av Helge Åkernes som hadde seminar for «Åpne dører» om korleis det er å leve som kristen i land der ein kan bli forfulgt for å gjøre det. Det var flott lovsang gjennom helga. Dei som bidrog på Gospelnighten var Respons, Olianna Johansson, Therese Fylling og lovsangsteamet. Lovsangsteamet var Therese Fylling med team. Pit-Stop er eit samarbeid mellom ImF-UNG Sunnmøre, NLM Ung Nordvest og den forsamlinga eller bedehuset som er med som arrangør for året. Takk til Blindheim bedehus som stilte med hus og la det praktisk til rette. Vi sette også stor pris på alle dei frivillige som var med på å gjøre det til ei så flott helg!

## TRU I HEIMEN

Dei viktigaste personane i barnet sitt liv er foreldra. Og det er dei som betyr aller mest for om barna skal utvikle ei tru som held når dei veks opp. ImF-UNG Sunnmøre har i handlingsplanen at vi ynskjer å hjelpe foreldra til å praktisere og sette ord på trua si på heimebane.

I januar 2019 arrangerte vi ein «Tru-i heimen-dag» på Emblem bedehus, saman med Emblem bedehusforsamling. Vi hadde fått med oss Jorunn Singstad Djupvik til å undervise. Ho er undervisningsansvarleg i Awana Norge, men har tidlegare hatt mange kurs om dette temaet og også vore redaktør for Foreldredeboka. Vi som var samla, dessverre ikkje fleire enn 12 stk., hadde ein utbytterik og flott dag.

Fredag kveld skulle vi ha ei samling for styremedlemmar og andre interesserte med Jorunn, om leiarrekrytering og leiarutvikling, men den måtte avlysast på grunn av problem med flytrafikken. Her var det også svært få påmeldte.

## BUR

Medlemane i BUR er: Ruben Austnes (leiar), Anette Bjørge, Maria Folde og Miriam Holene. BUR skal vere eit rådgivande organ, og skal, saman med dei tilsette, bidra til at arbeidet vi driv skal vere tenleg og godt for barn og unge på Sunnmøre.

BUR hadde 4 møter i 2019. Av saker kan vi nemne: Leirarbeidet, rekrytering av leiarar og reklamering av leir, bruk av sosiale mediar, ny strategi og handlingsplan i ImF UNG, arrangement i regi av ImF-UNG Sunnmøre.

Vi takkar medlemane i BUR for fellesskap og for engasjement for det arbeidet vi driv med.

## Imfung-sunnmore.no, Facebook og Instagram

Målet vårt er å være til stades på nett og oppdatere nettsida slik at det ofte er noko nytt og aktuelt å sjå på sida vår. Vi prøver å legge ut nye saker, både ting som skal skje og glimt frå arrangement vi har hatt. Påmelding til leirane skjer også via nettsida imfung-sunnmore.no.

Vi er på Facebook og har ei eiga side som heiter ImF-Ung Sunnmøre og som har ca 530 følgjarar. Der legg vi ut oppdateringar om ting som skjer, leiarar, arrangement med meir. Her kan den enkelte hjelpe oss med å få ut informasjon, ved å dele, like eller kommentere det vi legg ut, slik at det når fleire.

Blant dei unge er Instagram meir brukt enn Facebook, og vi oppretta difor også ein Instagram-konto. Her har vi no 107 følgjarar. Vi har forbedringspotensiale når det gjeld å bruke alle desse 3 mediane.

## FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR

For at vi skal klare å gjennomføre leiarar og arrangement for barn og unge er vi avhengige av frivillige medarbeidarar. Det har vore, og vil nok framleis vere, ei utfordring å få leiarar og medhjelparar til alle samlingane vi har ansvar for. Vi trur det er mange rundt om på Sunnmøre som ser at både leir og barneopplegg på samlingane våre er viktig, og som gjerne kunne bidra ei helg eller ein søndag for at vi skal få gode samlingar for barn og unge. Kan DU tenke deg å bidra, hadde vi sett stor pris på at du sende oss ein mail eller tok ein telefon

## TAKK

Vi i ImF-UNG Sunnmøre vil rette ei stor takk til alle frivillige som er med i barne- og ungdomsarbeidet rundt om på Sunnmøre. Takk til alle lagsleiarar, leirleiarar og støttespelarar.

Takk til alle som er med som leirleiarar og medhjelparar på arrangement i regi av oss i ImF-UNG Sunnmøre. Utan frivillige hadde det ikkje vore så mykje aktivitet i form av leiarar og større arrangement.

Takk til alle som støttar oss økonomisk. Det er både enkeltpersonar og lag som bidreg med gåver. Vi set pris på kvar ei krone som kjem inn. Takk for anledninga til å få lov å ha ImF-UNG Sunnmøre som arbeidsplass.

Til slutt vil vi takke alle som ber for ImF-UNG Sunnmøre. Det set vi stor pris på, det er med å bere arbeidet og medarbeidarane, og er ei viktig og verdifull oppgåve for den enkelte som ser verdien av kristent arbeid blant barn og unge.

TUSEN TAKK til alle som støttar oss på ulike vis!

# ORRENESET MISJONSSENTER 2019

**2019** ble for Orreneset et år med mye forskjellig aktivitet. Årsmeldinga viser at vi har gjort mye oppussing, hatt store kostnader og at vi stadig er i fornyelse. Vi ser at vi stort sett fyller opp periodene med like grupper som tidligere år. Noen nye grupper kommer inn hvert år.

Dessverre hadde vi noen avbestillinger, som gjør at ting kan bli litt sårbare økonomisk. Vi hadde også et dårlig år med tanke på lotteri der vi ikke hadde lotteriviltsynet si godkjenning før langt utpå året. Ellers fikk Orreneset både teftmidler fra sparebanken og andre gaver, som hjalp litt på resultatet. Catering er den nye inntektskilden som ga ei tilfredsstillende inntekt.

Vi er takknemlig for at gruppene trives her og at så mange unge får en plass å møte forkynnelse og tru på. Det gjør at vi satser på å utvikle senterets tilbud hvert år.

**Bemannning:** Anbjørg Kvam Bårnes 100% stilling som daglig leder. Sondre Bårnes 100 % stilling som kokk og vaktmester. Ellen Brautaset Vatne er «fast dugnads kokk», 3 ungdommer fra Sykkylven har jobbehelger på kjøkkenet.

## Styret:

Sigurd Nybø, leiar, Anne Helen Ørjavik nestleiar, Sigmund Valbø sekretær, Lasse Molnes, Jarle Fausa styremedlemmer, Linda Austnes 1. vara. (till juni) Svein Lars Ringstad kom inn som 1. vara fra høsten, Linda Austnes (frå krinsstyret)

Styret hadde 3 møter og behandlet 23 saker.

**Belegg:** Gjestedøgns statistikken viser en ubetydelig nedgang fra i fjor.

Statistikken påvirkes av om gruppene forandrer seg i antall påmeldte fra år til år. Den påvirkes også av avbestillinger, som vi hadde tre helger av i år. Ellers er vi godt fornøyd med at kalenderen fylles godt opp av leir, forsamlinger og ulike kirkesamfunn. Det har vert lite selskaper her, men mere cateringleveringer, som ikke er notert med person antall i statistikken.

## Vedlikehold og reparasjoner:

**Bygninger/reparasjoner:** Det ble igangsett renovering av bada på hyttene, som ble sluttført i januar 2020

Borebrønnen hadde en kollaps slik at vi både måtte ha ny pumpe og reperasjon av selve brønnhullet. Ellers er her mange mindre reparasjoner på vinduer, dører og taklekkasje på kjøkkendel for å nevne noe.

**Renseanlegg/renovasjon:** Opplegget fungere fint, men er kostnadskrevende.

**Uteområde:** Nye lekeapparater, ny robåt og oppgradering av fotballmål mm.

**Investeringer/vedlikehold utstyr:** Ny komfy og varmeskap (storkjøkken)

Vedlikehold på utstyr som brannalarm og diverse verktøy. Kjølerommet fikk ny kompressor.

## Økonomi:

**Lønnsutgiftene** har økt en god del etter at vi ansatte en person til. Dette året var den litt nedgående på grunn av sykmelding som ble kompensert av NAV

**Lotteriet:** Ikke lotteriinntekter dette året.

**Gaveinntekter:** 247 955 kr.

**Andre gaver:** Blir lagt inn i regnskapet og ført opp mot oppussingsprosjektene.

**Resultat** før avskrivinger: - 94 349 kr.

Årsresultat: kr. - 206 343 kr

**Takk:** Styret vil takke for alle som følger med senteret gjennom bønn, giverteneste og en hjelpende hånd. Sammen driv vi en fin leirplass i et vakkert område, som vi er veldig stolte av.

Det er en velsignelse å ta imot så mye godt og få gi det videre til alle våre gjester.

**Velkommen til Orreneset!**

## Styret:

Sigurd Nybø, Anne Helen Ørjavik, Jarle Fausa, Sigmund Valbø, Lasse Molnes, Linda Austnes, Svein Lars Ringstad

Anbjørg Kvam Bårnes – Orreneset

# ÅRSMELDING BRUSDALSHEIMEN 2019

Det er alltid oppmuntrande å møte menneske som seie at Brusdalsheimen har betydd mykje for dei, at det er godt å kome hit, og det beste vi kan høre: På Brusdalsheimen vart eg ein kristen. Vi håper at det også i 2019 var nokon som fekk oppleve gode dagar på Brusdalsheimen.

Året starta med at oppvaskmaskina sa takk for seg, men vi fekk heldigvis ei ny plass før mannshelga.

## Aktivitet

2019 har vore et år med mykje utleige. For IMF Sunnmøre/Imf Ung Summøre har vi hatt 4 minileirar + barnegospelfestival, 1 jenteleir og 1 gutteleir. Dette er litt færre leiara enn tidlegare. Så har vi også hatt dei tradisjonelle arrangementa som mannshelg, kvinnehelg, 60+ leir, PU-treff. 4 konfirmant leirar, 4 øvingshelgar for div. kor, årsmøte for Sjømannsmisjonen, overnatting for Lundeneset VGS, søskensleir for Helse Møre og Romsdal, kursdagar, barnedåpselskap, 1 bryllaup, minnesamvær, menighetsturar, slektstemne og mange julemiddagar/juleavslutningar m.m.

Takk til alle som vel å bruke Brusdalsheimen til sine tilstellingar/selskap, små eller store.

## Lotteri

I 2019 hadde vi ein basar. Vi laga til loddbøker som sirkulerte litt her i området, så hadde vi ein basardag den 26.april. Bra med folk og ein triveleg kveld med matsal og tombola og loddsal. Barnekoret VTV og Sanctus som songkrefter. Vi fekk inn ca. kr 80 000,-, og var kjempefornøgd med det. Dette kom i staden for bålotteriet.

**Stemnedagen** på Kristi Himmelfartsdag vart også i år eit fint stemne, med gode samlingar og mykje folk, vellukka på alle måtar!

**Julemarked:** Dette har vorte ein viktig del av økonomien vår, men også for å gjere Brusdalsheimen meir kjent, 22. og 23. nov. gjekk det av stabelen på Spjelkavik bedehus. Stor takk til Spjelkavik Indremisjon som stiller huset til disposisjon for oss. Eit svært godt resultat, stadig nye rekordar, kr 138 000,-. Dette sett vi på ein egen konto som ein buffer. Dette føler vi oss svært komfortable med. Eige rekneskap er levert til IMF Sunnmøre.

**Vedlikehald:** Ingen store prosjekt dette året, men alltid mykje å ordne på. Det som vi har brukt noko tid på er å finne ut av kva som finns av nye leikeapparat.

**Økonomi:** Her vil vi berre vise til rekneskapen.

**Vasketeam:** Dette året har vi fått i drift nokre vasketeam frå Sula, Giske og Emblem. Spreke pensjonistar som kjem og vaskar etter arrangement i helgane. Dette er vi svært glade for, og lettar arbeidet mykje for oss tilsette

**Tilsette:** Vi er no to stk, Hilde Giske Lukkedal i 90% stillig og Arvid Lukkedal 80%. Marit Ødegård som hadde permisjon i 2019, sa opp stillinga si frå 01.01.20 og arbeider no på Møre barne og ungdomsskule Skodje. Takk for til ho for god og lang (10 år) innsats og lykke til vidare.

**Styret:** Jan Ivar Stokset, leiar. Per Arne Furnes, nestleiar, Karianne Steffensen, sekretær. Helen Ulla Langlo og Thor Østen Hurlen, styremedlemar, Gerd Behrentz, vara. Karoline N Starheimseter var vara første halvår.

**Takk:** Vi vil også i år TAKKE alle som stiller opp for Brusdalsheimen. Takk til alle som gjer dugnadsarbeid, takk for forbøn, takk for alle pengegåver. Takk til styret vårt, takk dei som er med på å få til Julemarkedet, og andre komitear. Takk til alle som sender borna sine på leir, og til alle leirleiarar. Og takk til alle som brukar Brusdalsheimen igjen og igjen. Lat oss saman gjere ein innsats for at enda fleire barn kan få kome på leir og bli kjent med Jesus!

Hilde og Arvid Lukkedal

# **PLUSSREISER AS - 2019**

Plussreiser driver sin virksomhet som turoperatør ved salg og formidling av turer i inn- og utland. Selskapets hovedkontor er i Spjelkavik i Ålesund kommune, med avdelingskontor i Kristiansand og Stavanger.

Plussreiser er den største leverandør av Kristne feriereiser i Norge. Omsetningen var i 2019 på 83,4 mill.

Selskapet fikk i 2019 et overskudd på 472.367,- etter skatt. Overskuddet ble lagt til Egenkapitalen. Egenkapitalen pr. 31.12.18 var på kr. 5.231.583,-

Gjester kommer fra hele Norge. Vårt mål er å stadig få nye gjester til å reise med oss, samtidig som vi ønsker å beholde våre stamgjester. Våre gjester velger Plussreiser fordi de får et bedre tilbud enn det de selv kan få ved å planlegge og bestille reisen i detalj selv. De får reiseledere som ordner opp praktisk, viser omsorg og er en leder i det sosiale fellesskapet på turen. På de fleste av turene får de også Guds ord forklynt, mange av turene med egen forkynner. Som alternativ starter eller slutter mange av dagene på tur med et andaktsord. I Plussreiser er vi stolte over å kunne tilby gjestene noe mer enn ferie.

## **Administrasjon**

Plussreiser har en faglig dyktig og arbeidsvillig stab. De gjør en stor innsats for selskapet.

Plussreiser hadde ved utgangen av 2019 følgende ansatt: Aud Kindervåg Halsne (daglig leder), Kurt Andrè Henriksen, Steinar Kristiansen, Gerd Standal Volle, Corina Klokk, Liv-Hilde Ervik Hellevik, Julie Hellevik, Mona Nordstrand, Sissel Stokset, Kjell Harald Otterlei, Harry Wiig Andersen, Geir Sandvik, Hildegunn Sørhaug, Evy-Gunn Knotten, Signe Solås, John Edvard Olsen, Øystein Ramberg og Ariel Frøyland.

Administrasjon er inndelt i tre enheter. Det er Israel/USA, Europa og Eksotisk. Enhetene er geografisk orientert og alle tilbyr både ferdigsydde påmeldingsturer og skreddersydde gruppeturer hvor kunden selv bestemmer turens innhold.

## **Salg og markedsføring**

I løpet av dette året har mer enn 7000 gjester reist med selskapet.

Det ble gitt ut to kataloger i 2019, én for vår & vinter og én for sommer & høst. Her fant kundene den velkjente inndelingen med turer i kategoriene «Kristen bussferie», «Bibelferie i syden», «Israel», «Opplevelsesreiser» og «Eksotiske turer».

## **Oberammergau**

Pasjonsspillet i Oberammergau blir fremført hvert 10`ende år og over 500.000 mennesker var forventet til denne lille byen i perioden mai-oktober`20. Plussreiser hadde lagt opp til over 40 gruppetur til dette spillet. Mange av de helt fulltegnet. På grunn av Koronaviruset så har Pasjonsspillet blitt utsatt i 2 år, og er nå satt opp i 2022.

## **Visjon**

Vår visjon er å gå med "Guds Ord til feriefolket". Vi ønsker å gi det norske folk et tilbud om ferie i kristen regi, en ferie hvor Ordet forkynnes til frelse, oppmuntring og tjeneste!

## **Eiere**

Plussreiser AS er 100% eid av Plussreiser Holding AS, som igjen er eid av: ImF Sunnmøre (39%), Indremisjonsforbundet (19%), Normisjon (19%), Det Norske Misjonsselskap/Manova 19%, Nordmøre og Romsdal IM (2%), Indremisjonssamskipnaden (2%)

## **Styret**

Styret har i 2019 behandlet 30 saker og bestod etter generalforsamlingen 6.mai av:

Karl Arne Austnes (styreleder), Per Ørjan Aaslid (nestleder), Bjørn Tunheim, Vigleik Brekke, Svein Bjarne Aase, Anna Sæter. Varmedlemmer var Lovise Strømme Strand (1. vara), Ragnar Ringvoll (2. vara) og Arild Ove Halås (3. vara).

Karl Arne Austnes  
Styreleder

Aud Kindervåg Halsne  
Daglig leder

# VIKAKROKEN AS

## Styrets årsberetning for 2019

### Vikakroken AS

Vikakroken AS er et aksjeselskap som eier forretningseiendommen i Vasstrandveien 1 i Spjelkavik.

Leietagere i Vasstrandveien 1 er: Plussreiser, ImF Sunnmøre, Sunnmøre Begravelsesbyrå, Radio Sunnmøre.

Vika-Kroken AS har ingen ansatte, kostnadene til den daglige drift og ledelse ivaretas og faktureres fra Plussreiser AS.

Vika-Kroken AS eies av ImF Sunnmøre 48%, Indremisjonsforbundet 24%, Normisjon 24%, Nordmøre og Romsdal Indremisjon 2%, Indremisjonssamskipnaden 2%

Selskapet hadde i 2019 en omsetning på kr. 506.782,-

Selskapet hadde i 2019 et overskudd på kr. 51.912,- etter skatt. Overskuddet ble tillagt egenkapitalen.

Egenkapitalen pr. 31. desember 2019 er kr 3.619.174,-

Styret i Vika-Kroken AS bestod etter generalforsamlingen 6. mai av:

Bjørn Tunheim (styreleder), Karl Arne Austnes og Svein Bjarne Aase. 1. vara ble Lovise Sømme Strand.

Bjørn Tunheim  
Styreleder

Aud Kindervåg Halsne  
Daglig leder



# DAGGRY BARNEHAGE - 2019

**«SOM EIT KJEDE, SAMAN I GLEDE. INGEN LIKE, MEN ALLE UNIKE»**

Daggry Barnehage har dette året hatt 73 barn fordelt på 4 avdelinger, 2 avdelinger for barn 1-2 år, og 2 avdelinger for barn 3-5 år.

I personalgruppa er vi tilsammen 24 personer, fordelt på 19,9 stillingar, inkl assistenter som arbeider særskilt på barn med særskilte behov. Personalalet har avdelingsmøter kvar veke, leiarmøter annankvar veke, og personalmøter på kveldstid kvar månad. Det vert satsa mykje på kvalitetsutvikling, både i forhold til det faglege innhaldet, arbeidsmiljø og personleg utvikling.

Vi set stor pris på samarbeid med eigar, og kjänner oss godt ivaretatt. Det er også oppretta eit nettverk for IMF-barnehagane, som Randi Fagerhol Lauvås organiserer. Her møtes vi ca 2 g.pr.år og tek opp fellessaker, og samarbeider også med NLM-barnehagane, og dette er veldig nyttig for oss.

Giske kommune har vi nært samarbeid med, særskilt med barnehagekonsulent og dei andre barnehagane, både gjennom faglege prosjekt, kurs, styrarmøter, nettverk, tilsyn, m.m.

Vi er PBL barnehage (Private barnehagers landsforbund), her har vi tariffavtalen vår, forsikringer, pensjon, bedriftshelseteneste, HMS-system, og foreldre-app'en Kidplan. PBL gir oss god støtte på alt av regelverk, økonomi, arbeidsmiljø, fagleg, m.m. Dette året har også styret for barnehagen vedteke at vi skal gå over til PBL regnskap også, då dei er profesjonelle på barnehageregnskap, dei tek fleire oppgåver innanfor denne tenesta, og dei er billegare for oss. Overgangen her vil skje i 2020.

Personalalet legg stor vekt på det viktige samarbeidet med foreldra, gjennom foreldremøter, i brukarundersøkjing, foreldrekonferanser, dugnad, julefest, sommarfest, foreldrekaffi, påskefrukost, og dagleg kontakt i bringe- og hentesituasjoner. Kvar månad vert "Daggry-posten" og månadsplaner for kvar avdeling, sendt ut til foreldra. Vi har også heimeside, og facebook-gruppe der vi når foreldra med informasjon.

Når det gjeld samarbeid med andre etater, så har vi samarbeidsprosedyrer med PPT, helsestasjon, barnevern, og barneskulen i samband med barn som skal over frå barnehage til skule.

Kvart år skal det lagast ein årsplan, og den er bygt på Barnehagelova, Rammeplan for barnehagen, Kvalitetsplan for oppvekst i Giske kommune, og vedtekten for Daggry. Hovudmålet for drifta av barnehagen er å gje barna gode utviklings- og aktivitets-tilbod. Barnehagen skal i nær forståing med borna sine heimar hjelpe til med å gje barna ei oppseding i samsvar med dei kristne grunnverdiane.

Barnehagen sin viktigste profil utad, er at det er ein kristen barnehage, og innhaldet er prega av det.

Visjonen vår er: "Daggry barnehage -med Guds kjærleik til barna", og det kristne innhaldet i barnehagen er godt integrert i kvardagsaktivitetane. Dette året har det vore jobba med eit tydelegare verdigrunnlag, og vi har definert 4 kjerneverdier: UTVIKLING – NESTEKJÆRLEIK – INKLUDERING – KVALITET. Forbokstavane på desse danner ordet UNIK, som beskriv kvar barn, og verdiane våre danner eit kjede med hjerter.

Leik og livsmeistring er satsingsområdet vårt i ein 4-årsperiode. Vi jobber med identitet, vennskap, samspel og fellesskap i barnegruppa. Barna skal lære haldningars og verdier som trengs for å fungere i eit fellesskap og eit samfunn. Det handler om å ta vare på kvarandre, vise empati, omsorg, ansvar og respekt. Vi nytter naturen mykje som opplevings- og læringsarena, der det er fokus på leik, undring og utforsking.

Daggry er inne i 2.året med utviklingsarbeidet «TO FRAM», som går på leiing, pedagogisk profil og kjerneverdier, og implementering av ny Rammeplan, saman med barnehagar i Giske og Sula kommune. Her jobber vi med praksisen vår og verdiane våre, for å forbetre kvaliteten og rutinene.

All læring i barnehagen skal skje gjennom leik, opplevingar og utforsking, det er tverrfagleg læring, og barna skal få lære med heile kroppen og alle sanser, dei skal få leike inn det grunnlaget dei treng til å kunne meistre livet sitt vidare på ein god måte. Barnehagen er rekna som det første steget i utdanningsløpet.

Når det gjeld økonomi, så har barnehagane i Giske veldig trange budsjett, og det er så og seie umuleg å drive med overskudd. Vi har stort lån i Husbanken på den nye barnehagen vår, der renter og avdrag også skal ha plass i budsjettet. For 2019 har vi derfor eit negativt årsresultat på kr – 896 772,-. Men vi har fortsatt ei sak med uteståande betaling på kr 125.000,- som det vert jobba aktivt med å få inn, og vi håper at dette kan løysast snart.

Styret arbeidde med budsjett for 2020 på slutten av året, og her vart det lagt inn store sparetiltak, for å unngå vidare underskot.

#### **Styret og Samarbeidsutvalet for barnehagen hausten 2019**

Eigar:	Anders Bjørnerem -leiar	(styret og SU)
	Hans-Louis Valderhaug	(styret og SU)
	Randi Fagerhol Lauvås	(styret og SU)
Personale:	Marte Tolo Skjong	(styret og SU)
	Anita Ytterland	(styret og SU)
	Kari-Lise Nordstrand –styrar	(styret og SU)
Foreldre:	Mari Bjørdal Rørstad	(SU)
	Malin Valderhaug	(SU)

Det vart halde 3 møter i styret og samarbeidsutvalet i 2019.

Kari-Lise Ose Nordstrand –styrar ved Daggry barnehage



## ELEVSITUASJONEN:

Våren 2019 fullførte 110 elevar, hausten starta vi med 119 elevar. Rekordår! Aldri har vi hatt så mange buande hos oss. Det er gode tider for folkehøgskulane. Aldersgrensa er 18 år og nesten alle elevar kjem frå fullført vidaregåande skule.

## PERSONALET:

Vi vil takke kvar enkelt for medeigarskap og stor innsats. Også i år har det kome til fleire nye tilsette: Kristin Vigestad Valderhaug har tatt over som administrasjonsleiar etter Audny Mongstad, Anne Marte Aasebø vikarierer for Ragnhild Eide Akslen og Ellen Berte Indrebø vikarierer for Ingrid Rødset. Jorunn Håskjold gjekk av med pensjon etter 40 år ved skulen. Vi er djupt takknemlege for det livet ho har gitt til Borg. Elisabeth Sleipnes er ny kjøkkenleiar og Lisbet Uddal har teke over kokkestillinga til Elisabeth. Velkommen i arbeidsfellesskapet alle nye, vi opplever kvar enkelt som ei velsigning for skulen.

## BYGNINGAR OG INVESTERINGAR:

Det har blitt investert for 896 tusen kroner ved Ålesund folkehøgskole i 2019. Bygningane har fått kr 147', møblar peisestove vart 392' og resten er brukt på undervisning, branding andre driftsområder og anna lausøyre.

## ANNAN BRUK AV LOKALA:

Totalt for anna verksemd var det for 2019 ein omsetnad på 3,68 millionar kroner. 2018: 2,89 mill tilsvarande 27% vekst. Sommerhotell hadde en auke på nær 50%. No heiter verksemdene vi driv i tillegg til skuledrifta Borg Sommerhotell Ålesund, Borg Catering Ålesund og Borg Utleie Ålesund. Bruk oss!

## INNHOLD OG KRISTEN SKOLE:

Ålesund folkehøgskole skal være ein møtestad mellom indremisjonsbevegelsen vår og all ungdom som ønskjer å gå her. Det er spanande å arbeide med ein skule som både skal formidle tru og håp på kristen grunn, og gi alle elevane oppleving av at her er det plass for dei og at det er deira eigen skule. I skrivande stund har vi ridd av eit mediekøyr rundt verdidokumentet til IMF. I denne samanhengen har vi fått oppleve at elevane set pris på skulen sin og dei veit at dei kan vere ueinige med skulen sin. Samtidig. Vi meiner dette er ein kvalitet i det kristne arbeidet vårt.

## ØKONOMI:

Revidert rekneskap for 2019 viser eit årsresultat med underskot på kr 223 990 når finanspostane er rekna med. Det var budsjettert med balanse. 2018 hadde eit årsresultat med underskot på kr 446.518. 2017 gav overskot på kr 127 714,- og i 2016 hadde vi eit overskot på kr 1 008 851,-. Skulen si langsiktige gjeld utgjer no kr 30 955 414,- (2018: kr 32 968 418,-). Omsetninga auka frå 27,5 mill. til 29,0 mill. frå 2018 til 2019.

## RAPPORTERING OG SJØLVEVALUERING:

Våren 2019 leverte vi sjølvevaluatingsrapport om utvikling av kosthald og mat ved skulen. Livsstil i høve til mat er ei sentral del av danninga i folkehøgskolen.

## STYRET:

Frå eigarane: Rigmor Andersen Eide – styreleiar, Arild Austnes – nestleiar, Håvard Nybø, Hildegunn Fylling og Victor Haram. Vararepresentantar: Oddbjørn Brunstad, Randi Fagerhol. Rektor: Sven Wågen Sæther. Frå dei tilsette: Robert Botn. Vararepresentant: Oddgunn Ervik. Frå elevane: Håvard Lockert (vår) og Sophie Iversen Bjørnsen. Jostein Molvær vart takka av som nestleiar etter mange års trufast teneste.



## TAKK:

Skulen er takknemleg til alle som har vist trufast støtte og vore med oss i bøn for året som gjekk. Følg med oss på nettsida og i sosiale media, be for oss og bli glad i skulen din som ditt ungdomsarbeid.

Rigmor Andersen Eide, styreleiar, Arild Austnes, nestleiar, Håvard Nybø, Victor Haram, Robert Botn, tilsetterepr. Sofie Iversen Bjørnsen, elevrepr. Hildegunn Fylling, Svein Wågen Sæther, rektor.



The advertisement features a large, semi-transparent background image of a person's hands working with green plants in a garden setting. Overlaid on this image is the text "holde arrangement?" in a large, white, sans-serif font. Below this, in a smaller white font, is the text "BRUK FASILITETENE PÅ ÅLESUND FOLKEHØGSKOLE". The advertisement is divided into two main sections: a red section on the left and an orange section on the right. The red section contains the text: "Vi har **amfi** til kurs og konferanser, **idrettshall** til trening og bamebursdag, **selskapslokale** for mindre forsamlinger, samt **kultursal** til konsert og storsamling!". The orange section contains the text: "Vi tilbyr også **catering** med hjemmelaget mat fra Borg Catering." At the bottom left is the Ålesund Folkehøgskole logo, and at the bottom right are the contact details: "70177600" and "admin@alesundfhs.no".

# MØRE UNGDOMSSKULE, ÅLESUND

Eg lyfter mine auge ønskjer vi skal vere ei overskrift over skuledagen på Møre Ungdomsskule.

Eg lyfter mine auge vil og seie at vi ser vidare ut enn berre til oss sjølve, og at vi bryr oss om at dei rundt oss skal ha det bra.

Kvar dag samlar vi alle elevane våre til andakt i amfiet. Vi ønsker at både elevane våre, personalet og andre som kjem innom skulen vår, skal få oppleve å løfte auga mot Han som har skapt himmelen, jorda og kvar og ein av oss, og som møter oss der vi er!

22 elevkull har vi sendt ut sidan Møre ungdomsskule starta opp i 1996. Det er med stor takksemd vi tenkjer på alle elevane som har vore innom skulen vår!

Møre Ungdomsskule ønsker at dei kristne verdiane skal kome tydeleg fram i vårt arbeid med å utruste ungdomane til å møte livet og framtida. Vi ønsker at dei skal bli sjølvstendige og ta ansvar for seg sjølve og sine medmenneske. Dette skal prege skulekvardagen vår.

Vi er heldige som får representere eit alternativ i skulelandskapet og får ha dei kristne grunnverdiane som rettesnor og har både rett og plikt til å synleggjere det kristne verdigrunnlaget vårt i fagplanane og den faglege tilrettelegginga.

## **Misjonsprosjektet.**

Kvar år i januar har Møre ungdomsskule ei prosjektveke. Vi legg vekk den vanlege timeplanen og jobber på tvers av fag. Heilt konkret kan vi få vere med å vise at vi ønsker at andre rundt oss skal ha det bra og vi lærer om ulike måtar å drive misjon på.

Dette året samarbeidde vi med North-South Partnership Aid, NSP Aid.

I tillegg til å lære om arbeidet NSP Aid driv generelt, fokuserte vi på deira arbeid mellom foreldrelause barn i Kibera-slummen i Nairobi. Gjennom misjonsveka, familiefesten og misjonsløp vart det samla inn vel kr.110 000 kr som gjekk til finansiering av skulemat til elevar på Karama skule.

Misjonsprosjektveka er og ei veke der elevane vert delt i grupper på tvers av klasser. Derfor er det også ei viktig veke for skolemiljøet og for å bygge fellesskap på tvers av klasser.

## **Styret for Møre Ungdomsskule**

Møre Ungdomsskule er organisert som ei stifting. Styret i ImF Sunnmøre vel medlemmar til stiftinga sitt styre. Dei andre medlemmane har uttalerett, men ikkje stemmerett.

Styret for Møre Ungdomsskule har frå hausten 2019 vore samansett slik:

Arild Ove Halås (leiar), Margunn Hasle Eide (nestl.), styremedlemmar: André Fiskerstrand, Turid Nordstrand Rødset og Arnstein Ørjavik. Vara: Helge Dimmen og Ståle Heggset.

Andre representantar: Håvard Lien (foreldre), Jorunn Sundklakk (Ålesund komm.), Hege Klungsøy (lærarar), Per Alnes (andre tilsette), Benedikte Håberg og Eskild Hansen (elevar). Rektor: Signe Urtegård

Styret har i 2019 hatt 6 styremøter og handsama 66 saker.

Vi har og arrangert kurs for for styremedlemmer der vi hadde besøk av Jan Erik Sundby frå Kristne Friskolers Forbund. Her samarbeida vi med dei andre Møre-skulane og Molde friskule.

Vi ynskjer å rette ei stor takk til kvar einskild i styret for det viktige og nødvendige arbeidet de legg ned for skulen!

## **Elevane**

Våren 2019 hadde vi 112 elevar og hausten 2019 var elevtalet 113. Ved elevtellinga 1. oktober 2019 fordelte elevane seg på slik på heimekommuner:

Ålesund 87 elevar, Sula 14 elevar, Skodje 1 elev, Sykkylven 5 elevar, Giske 5 elevar og Haram 1 elev.

Elevane fordelte seg slik: 10.trinn: 35 elevar, 9. klasse; 49 elevar og 8.trinn: 29 elevar.

## **Tilsette ved Møre Ungdomsskule pr. 1. august 2019:**

Lærarar: Turid Beate Bjørnerem, Kjell Eivind Holmen, Elbjørg U. Rønneberg(perm), Øystein Engås, Heidi Fink, Guri Tolvsen, Ole Knut Giske, Per Gunnar Hamnøy, Trine Johansson, Karina Leine, Hege Klungsøy, Elisabeth Sairosi, Øystein Runde, Olav Sæbø, Gry Sæther, Rune Sæther, Robert Tjomlid, Synnøve Øye, Ragnhild Wold, Signe Urtegård. Andre tilsette: Per Alnes, Hilde Håberg, Jonny Hatlehol, Nikolai Sundklakk

Vi gler oss over elevar som i stor grad fortel om eit godt og trygt læringsmiljø, om vaksne som ser dei og bryr seg om dei. Møre Ungdomsskule har eit velkvalifisert og engasjert personale som identifiserer seg med skulen si kristne målsetting og som arbeider aktivt for at skulen skal bety noko godt og positivt både i opplærings- og danningsoppdraget. Difor er det også grunn til å takke eit samla personale for det store og viktige arbeidet dei utfører ved skulen vår!

## Læring

Vi har mange godt innarbeidde tradisjonar på skulen vår som er viktige for læring og læringsmiljø.

I september drog 10.klassingane til Krakow der elevane m.a. besøkte Auswitch. Ein flott tur med mange sterke inntrykk. 8. og 9. klassane var på overnattingstur på Orreneset. Ein god måte å bli kjende med kvarandre på tvers av klassetrinna.

Den viktigaste jobben for å få til eit godt læringsmiljø er likevel den jobben som vert gjort kvar dag - i klasserommet.

Dette året har vi brukt fellestider i kollegiet til å arbeide med ny læreplan som skal takast i bruk frå hausten 2020. Dette arbeidet vil vi halde fram med dei neste åra. Her er vi med i eit samarbeid med andre skular i regionen og arbeidet vert leia av Nordre Sunnmøre Regionråd.

Vi møtast saman med dei andre skulane i nettverk og får fagleg påfyll og får dele erfaringar med kvarandre på tvers av skulane.

Vi som er leiarar for Møreskulane og Molde Friskule møtast og jamleg gjennom skuleåret.

## **Møre Ungdomsskule og «vegen vidare».**

Frå hausten 2019 blei Turid Beate Bjørnerem tilsett som prosjektleiar for oppstart av barnetrinn frå 1.august 2020. Vi har hatt informasjonsmøte om oppstart av skule for 1. og 2.klassingar frå neste haust. Før jul var arbeidet godt i gang med å sprengje ut tomta. Moldskred As har ansvar for byggeprosjektet og planen er at skulen skal stå ferdig med byggetrinn 1 til skulestart hausten 2020.

Dette er ei satsing som vil vere eit stort løft for skulen og som vil gi oss store økonomiske utfordringar i mange år framover. Men først og fremst gir det nye elevgrupper mulegheita til å gå på ein kristen friskule!

## Økonomi

Inntektene til skulen består av statstilskot, elevbetaling og tilskot frå kommuner til å dekke spesialundervisning. Elevbetalinga er 10 500,- kr. pr. år Dersom søsken er elevar samtidig, betalar den eine full pris, elevbetalinga for den/dei andre blir halvert.

Årsresultatet for 2019 er kr.1 035 674.

## Forbøn

Stor takk til alle som er med å ber for skulen vår!

Vi treng at de som misjonsfolk er med å ber for oss som arbeider på skulen. Be om at vi som skule og skuleeigar må få visdom og mot til å satse klokt og framtidssretta og ver med å be for elevane våre og heimane deira.

«.....og sjå, i himmelen stod det ei trone, og det sat ein på trona....Heilag, heilag, heilag er Herren Gud, Den allmektige, han som var og som er og som kjem.»

Kvar dag får vi vere med å peike på dette at det er Ein som sit på trona og som er allmektig!

For Møre Ungdomsskule

Arild Ove Halås  
Styreleiar

Signe Reidun Urtegård  
rektor

# Møre barne– og ungdomsskule Skodje

## Den yngste Møre-skulen veks vidare

Møre barne- og ungdomsskule Skodje er den tredje grunnskulen knytt til ImF Sunnmøre. Skulen starta opp med skuledrift i august 2015, og held framleis drift i eigne lokaler i Brusdalen i Skodje kommune. Skulen er organisert som eit aksjeselskap med skulestyre og det til ei kvar tid sitjande styret i ImF Sunnmøre som til saman utgjer aksjeselskapet si generalforsamling. Som dei to andre Møre-skulane på Sunnmøre så arbeider vi for å vere ein kvalitetsskule både fagleg og pedagogisk – i tillegg til å vere eit alternativ til den offentlege skulen. Eit alternativ med tydeleg kristen forankring, der vi står fritt til å formidle evangeliet om Jesus. Dette utgjer eit godt høve for skulen, og for ImF Sunnmøre for øvrig, til å konkret og praktisk ta eit samfunnsansvar på Sunnmøre.

## Elevar

Med 50% elevvekst hausten 2016, og 45% elevvekst hausten 2017, så har det vore nokre år uten den store prosentmessige veksten i elevtalet. Vi har no kome i god drift og med rutiner på dei fleste områda av skuledrifta – så no er vi klare for å auke elevtalet vårt meir. Det har vore auka satsing på markedsføring av skulen på slutten av 2019, og vi tek dette med oss inn i 2020. Våren 2019 hadde vi vår andre eksamenstid, og vi fekk takke av 13 flotte 10.klassingar til eksamensfest og vitnemålsutdeling i juni. Elevtalet ligg som i fjor på rundt 70-80 elevar. Og elevane kjem frå fem ulike kommunar - Skodje, Sula, Haram, Ørskog og Ålesund – der fire av desse utgjer Nye Ålesund kommune når vi no har kome over til 2020.

Søkartal for komande skuleår er framleis gode, og skulen kan truleg vente seg ei vekst på mellom 15-20 nye elevar hausten 2020. Skulen har søkerar på fleire ulike trinn, med hovudvekt på 1. og 8.trinn.

## Styret

Skulestyret består av leiar, nestleiar og tre styremedlemmar. Det er i tillegg eitt varamedlem.

Styret har hatt 6 styremøter og handsama 49 saker. Ved utgangen av 2019 var styret samansett slik:

Odd Asbjørn Nybø	leiar
Arvid Ødegård	nestleiar
Margrethe B. Bakke	styremedlem
Dag Øyyvind Sæter	styremedlem
Stine R. Brandal	styremedlem
Roberto Sandli	foreldrerepresentant
Rebekka Nybø	elevrådsrepresentant
Anne Randi H. Nilsen	representant for pedagogisk personale
Olgunn Oksavik	representant for øvrige tilsette
Geir Ove Leite	representant for Skodje kommune
Ingrid Kvam Steinshamn	rektor og sekretær for styret
<b>Vara:</b> Jan Dalhaug	1.vara (møter fast til styremøta)

## Læring og skulekvardag

På Møre barne- og ungdomsskule Skodje gjev vi opplæringa i dei ulike faga etter Kunnskapsløftet frå 2006.

Vi er godt i gang med å førebu Fagfornyinga (av læreplanen) som er planlagt hausten 2020. Her er det mykje spanande å førebu for både lærarar og for skuleleiing. I kristendomsfaget gjev vi opplæring etter eiga godkjend læreplan, og denne vil verte noko fornya også i samband med den nasjonale prosessen.

Hausten 2019 har vi tilbydd to valfag for ungdomsskuleelevarne våre. Dette har vore "Teknologi i praksis" og «Natur, miljø og friluftsliv» der elevane lærer om korleis ferdast i naturen.

Eit nytt år med skuledrift har vore positivt prega av at vi har fått ein god flyt på skulekvardagen vår. Vi fekk besøk av biskopen (Møre) i mai, og vi samla inn over 40 000 kr på ein ettermiddag til ein døveskule i Kenya i samband med misjonsprosjektet vårt.

Ellers nyter vi området i Brusdalen med utedagar, fjellturar, gapahuk og ikkje minst ballbingen som vi har etablert saman med Brusdal Idretts- og Velforening. Vi er takksame for å kunne nytte anlegget i Brusdalen, og i desember vart endeleg tomt og bygg (tidl. Brusdal skule) vårt å eige.

## Økonomi

Skulen sine inntekter kjem vesentleg frå statstilskot som vert utbetalt kvar månad. Dette er elevtilskot knytt til elevtalet. I tillegg betalar føresette ein sum skulepengar som skal støtte drifta noko. Utgifter knytt til spesialundervisning og undervisning av framandspråklege elevar vert dekte av heimkommunane til dei elevane det gjeld. Økonomi er ei utfordring for friskulane, primært grunna at den økonomisk støtta frå staten - til skulehus - er minimal.

Vi vil særleg takke alle som har gitt skulen ei økonomisk støtte til drifta. Det har vore avgjerande for oss! Vi vil frimodig utfordre fleire til å bidra til dette viktige misjonsarbeidet.

Ta kontakt med skulen på tlf: 71 70 70 51 eller gje gave direkte til gåvekonto: **8220.02.80632**. MERK med «**Gave til Møre barne- og ungdomsskule Skodje**», så vi du kunne få skattefrådrag for dette.

## Framtidig utvikling

Skulen har opplevd gode elevtal desse fem første driftsåra. Og det er allereie gode søkartal for komande skuleår. Det er eit naturleg satsingsområde å fortsette å styrke kvaliteten på skuledrifta og auke elevtalet på både barne- og ungdomsskuletrinna våre i åra framover. Det er kome inn søknadar fleire år fram i tid – og vi gler oss over å verte kjend med elevar frå ulike deler av (nye) Ålesund kommune. Arbeidet med rom – og funksjonsprogram for skulehus og avklaring med kommune og andre samarbeidspartnarar for å avklare permanente løysingar for skulehus er i gang – og vi gler oss over det som ligg foran.

Vi må kunne sei at vi er no ute av «oppstartsfasen» med den tredje Møre-skulen vår. Ein skule som får lov å ha fokus på liv og læring med **ein himmel over** skulevardagen, både for elevar og dei tilsette. Dette verdset vi som arbeidar ved skulen høgt, og vi er fullt klar over at dette ikkje er sjølvsgagt. Vi ber om mykje forbør og støtte i dagane som kjem. Vi trur, og ser konkret, at skulen kan gjere godt i medmenneske sine liv – og vi ønsker å få fortsette med det.

For Møre barne- og ungdomsskule Skodje

Ingrid Kvam Steinshamn

/ Rektor /

Odd Asbjørn Nybø

/ Styreformann /

# Møre barne– og ungdomsskule Herøy

Møre barne- og ungdomsskule er ein kristen grunnskule på Søre Sunnmøre, no inne i sitt 16. driftsår. Skulen er ei sjølvstendig stifting, med styret i ImF Sunnmøre som stiftinga sitt råd. Den kristen grunnskulen utgjer eit alternativ til offentleg skule, der ein står fritt til å formidle evangeliet om Jesus! **Dette utgjer ein flott kombinasjon av skulearbeid og kristent arbeid!**

## Visjon om kvalitet

Skulen er grunna på det kristne trus- og verdigrunnlaget og vil i alt sitt virke søkje å gje elevane det beste dei kan få for både livet og det evige livet.

Skulen sin visjon er knytt til orda **kvalitet, kunnskap, kjennskap og karakter**, og lyder slik: "Møre barne- og ungdomsskule legg vekt på **kvalitet** gjennom god **kunnskapsformidling**, nær **kjennskap** til den kristne trua som skulen er grunna på, og å utvikle ein sterk og trygg personleg **karakter** hjå elevane."

## Elevar

Elevtalet var ved utgangen av 2019 på 152 elevar, med 86 på barnetrinnet og 66 på ungdomstrinnet. Elevane kjem frå Herøy, Ulstein, Hareid, Volda og Sande kommune. Skulen har søkerarar på fleire ulike årstrinn, med hovudvekt på 1.trinn og 8.trinn. Skulen stig framleis i elevtal, og i 2019 er 5 året på rad med auke i elevtal.

Skulen vil oppmode misjonsfolket til å tale vel om skulen, og hjelpe kristne foreldre i å gripe sjansen til å få ei trygg og god støtte i oppdraging og opplæring av sine born og ungdommar. Skulen skal først og fremst vere eit kristent skulealternativ!

## Styret

Styret for skulen er både tverrkjyrkeleg og geografisk spreitt samansett. Dette for å kunne gje skulen eit større nedslagsfelt og synleggjere for kristenfolket på Søre Sunnmøre at dette er eit arbeid vi som kristne får stå saman om. Ved utgangen av 2018 sat fylgjande faste valde representantar i styret: Ove Johan Kopperstad (leiar) Svein Frøystad, Liv Randi Knotten, Håvard Ringstad og Solfrid Ulstein Riise

## Tilsette

Skulen hadde ved utgangen av 2019 35 tilsette, derav 23 kvinner og 12 menn. Staben bestod av 22 lærarar, 8 assistenter og 5 administrativt tilsette. Skuleleiinga består av Knut Einar Tokheim (rektor), Asbjørg Muren Ulvund (assisterande rektor), Kari Røsvik Sundgot (avdelingsleiar barnetrinn), Runar Langnes (avdelingsleiar ungdomstrinn) og Liz-Miriam Saanum Haddal (kontormedarbeidar)

Styret vil takke kvar einskild for arbeidet som er utført, til glede for menneske og til ære for Gud!

## Misjonsprosjekt

Skulen har dette året gjennomført misjonsprosjekt til støtte for Nort-Sout Partnership Aid (via Gunnar Hamnøy). Misjonsprosjektet synleggjere den diakonale sida ved den kristne tru og lære, og gjennom misjonsprosjektet fekk vi dette året eit nært kjennskap til kva det i praksis ville seie å få vere til hjelp for born og unge i eit anna land. Etter prosjektveka vart det gjeve kr 124 000,- til prosjektet. Ei stor takk til elevar, lærarar og andre deltagande for engasjement og innsatsvilje!

## Økonomi

2019 vart eit år med eit stort underskot for skulen på kr. 1 369 461,- Dette skuldast i hovudsak nedjustering av satsane for spesialundervisning og tilbakebetaling av midlar til spesialundervisning og eit høgt sjukefråvær. Skulen vil frimodig utfordre til bidrag til dette viktige misjonsarbeidet! Ta kontakt med skulen på tlf 70 08 05 50 eller gje ei gavé direkte til 3000.18.45655.

## Takk

I likninga om såmannen (Matt. 13,3-9) får vi høyre korleis Guds ord er som såkorn som vert sådd ut. Noko fell på vegen, noko fell på steingrunn og noko fell blant tornebuskar. Men noko fell også i god jord og ber frukt. Vi er takksame for å kunne vere med å spreie Guds ord kvar dag til elevane våre. Noko fell nok på vegen, på steingrunn eller mellom tornebuskane, men noko fell også i god jord og får vekse og bere frukt.

Ei varm takk til kvar og ein av dykk som tek med skulen i bønene dykker. Skulen vil gjerne vere ditt bønnebarn!

Skulen finn ein på Industrivegen 1 på serviceområdet i Myrvåg nær Dragsund, på nettsida [www.moreskule.no](http://www.moreskule.no), og på facebooksida [www.facebook.com/moreskule](https://www.facebook.com/moreskule).

Ove Johan Kopperstad

Knut Einar Tokheim

- styreformann -

- rektor -

Radio Sunnmøre har sidan 1984 vore på lufta på Sunnmøre. I 2019 er fyrste året der Radio Sunnmøre har vore sendt på FM, DAB, webradio og i tillegg sending døgnet rundt via appen Radioplayer. Fleire tusen lyttarar fylgjer Radio Sunnmøre anten via radio, eller via enkeltsaker på podcast/spotify.

## Stab

I august 2019 sa Victor Haram opp sin stilling i 20 % i Radio Sunnmøre, og Arild Ove Halås kom inn i stillinga frå september. I tillegg har dagleg leiar Ragnhild Kristine Vartdal Espelund haldt fram i 100 %. Radio Sunnmøre har også i 2019 hatt god hjelp av Oddveig Molnes som på frivillig basis lagar sendingane for søndag, og onsdag kveld.

## Sendeområde

Radio Sunnmøre sender i sine 73 timer kvar veke program med intervju, andakter og musikk som skal engasjere, vere trusstyrkande og evangeliserande. Året har vore det fyrste heile året der vi har sendt på FM og DAB på Sunnmøre. Frå og med 1. mai gjekk Radio Sunnmøre på grunn av lågare økonomiske rammer av lufta på Bygderadio Vest sine frekvensar på FM, og satsa fullt og heilt på å vere på DAB på Søre-Sunnmøre.

Mot slutten av året satsa Radio Sunnmøre på å lage ein 24/7 radio på webradio, som også kom på Radioplayer (ein app ein kan lytte via per smarttelefon).

## Samarbeid

Vi har dette året også hatt godt samarbeid med Tro & Medier, Åpne Dører og Barnevakten. Programma vi produserar for desse sendast også på fleire andre lokalradioar i landet, og set på dagsorden digitale/mediale samfunnsspørsmål, orienteringar og evangelisering utover våre landegrenser.

## Sosiale medier

